

BYGNINGSVERN

NASJONALT NETTVERK FOR BYGNINGSVERN OG HANDVERKSKOMPETANSE PÅ MUSEUM

Nettverksavtale vedtatt i møte på 22.09.2017.

Bakgrunn

Stortingsmelding nr 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* peikar på eit stort behov for å ta vare på og vidareføre den handlingsborne kunnskapen (kap. 6.11.5), og på det særlege behovet for å opparbeide spesiell handverkskompetanse for vedlikehald av dei verneverdige bygningane ved musea (kap. 8.3.7). Meldinga peikar på at eit nettverk av museum som prioriterer ulike bitar av dette oppgåvefeltet kan vera ein tenleg måte å løfte viktige delar av dette arbeidet fram på.

På felles møte for Byggnettverket og Handverksnettverket på Jærmuseet 8.september blei det gjort vedtak om å slå saman nettverka til eit nettverk.

Formålet med nettverket

Det nasjonale nettverket for bygningsvern og handverkskompetanse på museum har til formål å styrke den faglege posisjonen og gjera musea meir synlege i arbeidet med bygnings- og fartøyvern gjennom

- å vera eit samarbeidsforum som skal bidra til eit tettare og meir forpliktande fagleg samarbeid mellom museum som arbeider med bygningsvern, og som legg vekt på å ta opp att, dokumentere og vidareføre den handlingsborne kunnskapen knyta til dei tradisjonelle bygningshandverka.
- å vera ein møteplass for utveksling av informasjon, kunnskap og kompetanse mellom deltakarane gjennom møte, seminar, kurs, hospiteringsordningar og andre former for fagleg utvikling
- å informere kvarandre om dei arbeidsoppgåvene musea held på med innafor temaet, og å ha oversikt over, samordne og synleggjera den kompetansen musea har om bygningsvern og bygningshandverk til fagfolk, styresmakter, utdanningsinstitusjonar og publikum for øvrig
- å legge til rette for nasjonal arbeidsdeling og samordning, styrke medvetet om dei regionale variasjonane og sikre brei kunnskap og god ressursutnytting innafor arbeidet med aktuelle tema
- å arbeide for å auke den faglege kompetansen for produksjon og spreiding av kunnskap om bygningsvern og tradisjonshandverk
- å ta initiativ til prosjekt innafor arbeidsområdet

- å vera eit talerør i det offentlige rom
- å søke samarbeid med offentlege organ, utdanningsinstitusjonar, tilgrensande nettverk, og andre som arbeider med bygningsvern, fartøyvern og utvikling av handverkskompetanse, og med tilsvarande miljø i utlandet

Oppbygging og organisering av nettverket

Deltakarane i nettverket er sjølvstendige museumsinstitusjonar. og andre relevante aktørar.

Deltakarane stadfestar gjennom denne avtalen at dei ser klare fordelar med eit nettverkssamarbeid, og definerer kvarandre på institusjonsnivå som sentrale samarbeidspartnarar.

Deltakarane i nettverket skal ha:

- bygningsvern og atterreising, dokumentasjon og vidareføring av tradisjonelle handverk knyta til bygningsfaga, eller delar av desse arbeidsområda, som eit sentralt tema for sitt virke
- fast tilsett personale med museumsfagleg og/eller tematisk kompetanse innafor feltet
- fattet vedtak om deltakelse i institusjonens ledelse
- formulert ein ambisjon om eiga deltaking i nettverket med målsettingar på kortare og lengre sikt, og ein motivasjon om kva dei kan tilføre nettverket i høve til innhald, tiltak og prosjekt
- ressursar, vilje og evne til å prioritere arbeidsfeltet i handlingsplanar og arbeid, herunder deltaking i nettverksprosjekt

Nettverksmøtet er styringsorganet til nettverket. I dette møtet møter leiarane for dei institusjonane som er med i nettverket, eller andre med fullmakt til å vera med og gjera vedtak. Det blir arrangert nettverksmøte 1-2 gonger i året der ansvarlege representantar frå deltakarene møter.

Norsk Folkemuseum er hovudansvarleg institusjon og kallar inn til møta, utfører sekretærarbeidet og legg fram forslag til handlingsplan og rapportering. Før nettverksmøtet ber Norsk Folkemuseum deltakarane å komma med innspel til handlingsplan og rapport.

Nettverket blir leia av et AU med deltakarar frå 4 institusjonar i tillegg til Navet som blir valt for 2 år på nettverksmøtet. På nettverksmøtet 2017 veljast 2 av medlemmene for 1 år og 2 for 2 år for å sikre kontinuitet.

Vedtak i nettverksmøtet skal basere seg på konsensus. Kvar deltakar har 1 stemme. Nettverkssamarbeidet grip ikkje inn i mynde til styringsorgana ved dei enkelte institusjonane og er ikkje til hinder for at institusjonane kan inngå samarbeid med andre institusjonar.

Opptak og utestenging av deltakarar i Byggnettverket blir avgjort av nettverksmøtet. Deltakarar som ikkje gir tilstrekkeleg bidrag til arbeidet i og utviklinga av nettverket kan bli utestengt frå deltaking.

Ansvar, økonomi og rapportering

Norsk Folkemuseum er hovudansvarleg for å koordinere nettverket og inngå avtale med Kulturrådet om dette.

Deltaking i nettverket kostar årlig en kontingent på kr 5.000 som tilføres navet.

Deltakarane skal sjølve finansiere si deltaking i nettverket og dei prosjekta nettverket set i gang. Nettverksprosjekt kan i tillegg til bidraga frå institusjonane finansierast gjennom eksterne kjelder. Der det blir søkt ekstern finansiering skal deltakarane som deltar i eit prosjektet vera samde om opplegget.

Nettverksmøtet rapporterer årleg om verksemda i nettverket til Kulturrådet.

Endring og opphør av nettverkssamarbeidet

Det blir invitert til tilslutning frå andre museum og institusjonar. Opptak i nettverket blir avgjort i nettverksmøte innan rimeleg tid.

Tilslutta institusjonar kan melde seg ut av nettverket med eitt års varsel. Medlemmane forpliktar seg til å bidra til fullføring av igangverande fellesprosjekt.

Tilslutta institusjonar kan ta opp forslag til endringar i nettverket. Endringar trer ikkje i kraft før dei er godkjente av på nettverksmøtet.

Utanom det som er tatt med i denne avtalen, gjeld rammenotat (2015) om nettverk frå Kulturrådet som referansedokument.

Oslo, 18. november 2016

Interimstyret for nettverket

Grete Holmboe Arnold Bjørn-Hansen

Berit Bakosgjelten Nils Magne Håkegård Torger Korpberget